

Årsmelding frå elveutvalet

Fiskesesongen 2022 var dårleg, men svært lågt innrapportert fangst-tal, både i kilo og tal fisk. Trenden dei sisteåra er sein oppgang, noko som også var tilfellet i 2022. Kor mykje fisk som faktisk kom, er uvisst, men seint på sommaren/tidleg haust vart det meldt om noko oppgang. Såpass at elva vert halden open for fiske, men med justert sesong. Fiskestart vert 10. juli, med avslutting 31. august.

Innrapportert fangst for 2022 var ved første oppteljing 19 fisk med ei snitt vekt på om lag 2 kilo. Seinare kom det nokre fangsmeldingar til, slik at samla vekt enda kring 50 kilo. Innrapporteringa var god, men nokre purringar må til. Til trass for informasjon om at elveutvalet vil ha alle fangstmeldingar, er det framleis nokre få som berre rapporterer til Elveguiden si nett side. Me greier stort sett å hanke inn desse også, og må truleg ta direkte kontakt med dei som dette gjeld, for å på den måten gjere klart at også utleigaren og forvaltaren av elveretten må få denne viktige dokumentasjonen. Når det er sagt er det fint at fangstala vert synleg via nettet, slik at fiskarar og andre kan følgje med på korleis fisket er i elva.

Fiskekort sal i eigen regi var brukbart, mest på nivå med 2021. 129 kort vart selt direkte, medan rest- kort vart selt frå Borlaug Sport. Salet her var noko mindre enn året før, men samarbeidet med sportsbutikken fungerer godt.

Det vart utført dugnad i to rundar. Det vart laga fiskesti ved Tjørøya, og delar av brua til Prestøyna fekk nye farved. Totalt vart det arbeida i 82 timar av fire personar. Mest dugnad vart utført av Leif Oscar Skjerdal, Jon S. Underdal og Gunnar Andersen. Desse var med på begge prosjekta, medan underteikna deltok på brureparasjonen. Frå Opplysningsvesenets fond vart det gjeve tilskot tilsvarende kostnadane med prosjekta, vel 16 000 kroner.

Elveutvalet har bestått av Arne Veum, leiar, Harald Skjerdal og Rune Aasen.

Arne Veum

0903023